

Emnerapport / Course report ved / at Infomedia #146

Emnekode / Course code	MIX100
Emnetittel / Course title	Introduksjon til medie- og interaksjonsdesign
Semester	Hausten 2024
Emneansvarlig / Course coordinator	Lars Nyre
Sist evaluert (semester / år) / Last evaluation (semester / year)	2021

Hva er emnets undervisnings- og vurderingsform? / What are the teaching methods and forms of assessment used in the course?

Emnet har som mål å gi ein teoretisk og praktisk introduksjon til interaksjonsdesign i eit medieperspektiv. Studentane har to obligatoriske undervisningsformer: å delta i all undervisning og utvikla ein prototype i grupper. Dei obligatoriske krava må vera godkjende før studenten kan gå opp til eksamen. Studentane blir vurdert gjennom ei skriftleg individuell emneoppgåve basert på pensum og eigen produksjon (3000-4000 ord). Oppgåva har ei sjølvvalgt problemstilling knytt til den gruppebaserte prototypen. Lars Nyre hadde ansvar for opplæringa i akademisk skriving, og han held forelesingar og workshopar om tema som er relevante for dei individuelle oppgåvene. Det vart laga Kahoot-quizzar til kvar hovudforelesning, med premie til vinnaren. Frank Wisnes hadde ansvar for prototypinga og veiledninga på dette arbeidet. Undervisningsassistent Adam Godor var ansvarleg for Figma-opplæringa og følgte opp undervisninga til Frank Wisnes på ei rekke workshopar. Adam går sjølv på andreåret på MIX-master og kjenner MIX100 godt sidan dei har tatt faget sjølv. Me hadde gjesteforelesingar om disruptiv innovasjon ved Peder Haugfos og grafisk design ved Kim Skjold. Det vart skrivne ein sensurinstruks som studentane brukte gjennom semesteret og ekstern sensor også brukte i vurderingsarbeidet.

Denne hausten samarbeidde MIX100 med TekLab om å lage prototyper på nye funksjonar for nettstaden deira. Studentane fekk følgande faglege utfordring: Korleis bør TekLab formidla dei spennande studentprosjekta som er publisert der? Korleis kan nettstaden bidra som ein nyskapande, spennande aktør for studentinnovasjon? Korleis kan bør ein nettstad vera designa for å bygga tillit hjå brukarane? Brukarne er 1) studentar på MCB og 2) potensielle arbeidsgivarar i design- og mediebransjen. Studentane på MIX100 går jo på første semester, og blei kasta rett ut i eit praktisk design- og innovasjonsprosjekt. Studentane arbeidde i grupper, og kvar gruppe laga ein prototype på ein funksjon dei trur kan vera stimulerande for studentar ved UiB. Løysingane blei vist fram på MIX-innovasjonsdagen i november, der studentane måtte pitcha prosjekta sine til eit stort publikum i Media City Bergen.

Oppfølging fra tidligere evalueringer / Follow up from previous evaluations

Siden forrige fullevaluering har kurset blitt overtatt av Lars Nyre og Frank Wisnes. Vi tok over ansvaret i 2022 og har reorganisert viktige elementer i kurset. Dette gjelder særlig fokuset på et praktisk designprosjekt i samarbeid med en ekstern partner. Oppfølgingen står derfor i forhold til erfaringene fra 2022 og 2023.

Evalueringemetode(er) / Form of evaluation	Evalueringen er utført som en anonym spørreundersøkelse på Mitt UiB med standardspørsmål om faglærere, forelesere, informasjonsflyt og grad av tilfredshet med undervisningen. Av 26 studenter var det bare tre som svarte på undersøkelsen.
---	--

Sammendrag av studentene sin evaluering / Summarize the results from the student evaluation

De tre studentene gir godt skussmål til underviserne på kurset. «Bra alle sammen», sier en av dem. De føler at kurset har gitt dem godt faglig utbytte, og fremhever den kreativiteten som faget tillater. De liker det faktum at de skal utvikle en prototype. Det er en «praktisk oppgave som stimulerer til anvending av teori og kunnskap. Føler meg mer kreativ innenfor prototyping og at jeg har fått litt innsyn i bransjen», sier en av studentene.

Informasjon er alltid en utfordring. En av studentene sier «Fikk lite informasjon om pitchinga før uken før. Fikk heller ikke så mye informasjon om hvor lite av prototypen som skulle vises. mye tid ble dermed wasted». Dette kan vi ta lærdom av.

Studentene gir oss tydelige forslag til forbedring: «Burde vært en grunnleggende innføring i Figma. Opplæringen vi fikk gikk over hodet på de fleste i starten. Opplever at noen obligatoriske undervisningsdager nesten var regelrette skrive dager på semesteroppgaven. Dette kunne vært ikke-oblig da jeg synes det er vanskelig å skrive godt i en slik gruppesetting.» Dette kan vi også ta lærdom av.

Studentene er fornøyd med helheten. Dette er et «motiverende innføringskurs», skriver en av dem. En annen er særlig fornøyd med forelesningene. «Jeg er glad i å lære teori innenfor designfaget, så det er det jeg likte best». En annen skriver: «Jeg har lært mye nytt og føler jeg sitter igjen med større forståelse for hva interaksjonsdesign innebærer». Konklusjonen: «Veldig fornøyd. Var egentlig veldig fornøyd. Fått overblikk over en del sentral teori. Greit grunnlag for videre fordypning.»

Emneansvarligs evaluering / The course coordinator's evaluation

Vi har nå gjennomført tre runder med MIX100 i sin nåværende form, og vår hovedoppfattelse er at kurset fungerer godt. Heller ikke i 2024 var det noen klart negative hendinger eller store fråfall som gjør at det trengst ein fundamental gjennomgang av opplegget. Tvert imot framsto både studentar og faglærarar som motiverte og velvillige overfor kvarandre gjennom heile semesteret. Dette var også inntrykket som eg rapporterte i eigenevalueringa for 2022 og 2023. Det fungerer veldig godt å laga ein sensurinstruks som blir delt med studentane tidleg i semesteret. Dette reduserer forvirringa og usikkerheita blant studentane, og gjev dei tydelege målsetningar for det faglege arbeidet.

Last opp karakterfordeling her
(Du finner den i Inspira, alternativt kan du ta kontakt med administrativ kontaktperson)

[Resultatliste MIX100 H24.pdf](#)

Upload the grade distribution here
(You'll find it in Inspira, you can also contact the administrative contact person)

Evt. kommentar til karakterfordeling / Comments on the grade distribution

Karakterfordelinga er ganske normal for MIX-programmet. Studentane får svært grundig oppfølging og dette leder nesten alltid til mange B og C. Det er uvanleg at studentar stryk på våre fag. I år innførte me innovasjonsteori som ein obligatorisk del av oppgåva, og sjølv om dette vart uttrykt tydeleg i sensurinstruksen var det fleire studentar som oversåg det. Dette gjorde at det vart fleire tilfelle av karakteren D enn vanleg.

Mål for neste evalueringsperiode - forbedringstiltak? / Goals for the next evaluation period - what can be improved?

Vi ser ikkje behov for store endringar. Både timeplan-logikken, pensum og dei obligatoriske oppgåvene på kurset er vel avstemt til 10 studiepoeng. Studentane forstår kva me vil med kurset, og leverer gode resultat. Begge faglærarane (Frank og Lars) synest opplegget fungerer godt, og tenkjer at kurset har funne ein form som det kan ha i fleire år framover. I lys av studentane sine tilbakemeldingar vil me likevel vurdere nokre endringar:

- 1) Sjå gjennom opplegget for opplæring i Figma, og sørga for at det blir meir pedagogisk.
- 2) Droppa regelrette skrive dagar som obligatorisk krav, og tilby frivillig rettleiing.
- 3) Forbedra opplegget rundt pitchøving og presentasjon av prototypen på MIX-innovasjonsdagen.